

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.11.2015

Terje Søviknes sette fram slikt forslag:

"Hordaland fylkeskommune støttar framlegget om skoleval over fylkesgrensene".

Røysting

Søviknes sitt forslag fekk 7 røyster (Frp, H, V, MDG) og fall.

Innstillinga vart vedteken mot 7 røyster (Frp, H, V, MDG).

Vedtak

Hordaland fylkeskommune går mot framlegget om skuleval over fylkesgrensene, med dei merknadene som kjem fram her. Fylkeskommunen støttar intensjonen om å gje grunnskuleopplæring til elevar med rett til vidaregåande opplæring, men finn at framlegget slik det er no, ikkje vil gje naudsynt endring.